



Arkivnr: 2017/692-31  
Saksbehandlar: Bertil Søfteland

**Delegert saksframlegg**

---

**Leiar fylkesvalstyret etter fullmakt**

## **Stortingsvalet 2017 - behandling av søknadar om fritak**

### **Samandrag**

Det er innan fastsett frist kome inn i alt 2 søknadar om fritak frå å stå på listeforslag til stortingsvalet 2017.

Leiaren i fylkesvalstyret har etter fullmakt handsama søknadane. Fylkesrådmannen rår til at begge dei 2 søknadane vert avslått.

### **Forslag til vedtak**

Følgjande vert ikkje fritaken frå å stå på innlevert listeforslag ved stortingsvalet 2017

Helsepartiet: Kandidat: 18      Gro Fosse

Helsepartiet: Kandidat: 5      Linda Waagan

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Med heimel i fylkesvalstyret sitt vedtak i sak 1/03 (200300413 doculive) og 2/06 (200606674-2 doculive) gjer eg vedtak i samsvar med forslag til vedtak.

Bergen, den .....

Pål Kårbø  
Fungerande leiar

**Fylkesrådmannen, 08.05.2017**

Det var innan fristen kome inn 19 listeforslag frå 17 parti til stortingsvalet 2017. Kandidatane på listene til 17 parti har i brev av 24.04.17 fått melding om at de er førde opp på listeforslaget til det aktuelle partiet, og at dei må søkje fritak innan 04.05.17. Det er opplyst om at retten til å krevje fritak går tapt om ikkje fristen vert halden.

Rettsregelen om å krevje seg fritatt frå val til Stortinget er heimla i Vallova § 3-2.

**Vallova § 3-2, 1. og 2. ledd – Rett til å kreve fritak frå stortingsvalg**

(1) *Rett til å krevje seg fritatt frå val til Stortinget har*

- a. *Den som er stemmeberettiget i et annet valgdistrikt enn der vedkommende er satt opp som kandidat på listeforslag,*
- b. *Den som har møtt som representant på alle Storting etter forrige valg, og*
- c. *Den som er ført opp som kandidat på et listeforslag som er satt frem av noen andre enn et registrert politisk parti vedkommende er medlem av.*

(2) *Kandidater som er satt opp på listeforslag må søke om fritak innen den frist fylkesvalgstyret setter, ellers pates retten til å strykes av listeforslaget.*

Søknader om fritak

Innan den fristen som vart sett var det kome inn 2 søknader om fritak frå innlevert listeforslag. Søknadene fordeler seg slik:

|                            |              |
|----------------------------|--------------|
| Helsepartiet: Kandidat: 18 | Gro Fosse    |
| : 5                        | Linda Waagan |

I søknadane er det oppgitt årsakar til fritak som fell utanfor verkeområdet til vallova § 3-2, 1. og 2. ledd. Søknadane har fokus på personlege forhold som det ikkje er høve til å ta omsyn til.

Med grunnlag i vallova § 3-2, 1. ledd og 2. ledd til fylkesrådmannen tilrå at begge dei 2 søknadane om fritak som har kome inn føre fristen, vert avslått.